



LESJA KOMMUNE - KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utvalg/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtested:
Kontrollutvalget	6. april 2018	23. mars 2018	Lesja kommunehus

Til stede på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 4 til stede. Av disse er 3 faste medlemmer.

Møtet varte fra kl. 10:00 til kl. 13:00

Underskrifter:

Vi bekrefter med våre underskrifter at det som er ført på sak nr. 18 og 20/17 og 01 – 05/18 er i samsvar med møtevedtaka.

Bengt Olov Flagestad

Per Holseth

Edmund Berget

Thor G. Holager

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalgets møte går til:

- Medlemmene og varamedlemmene av kontrollutvalget.
- Lesja kommune, rådmannen og ordføreren i Lesja.
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 15. desember 2017 6. april 2018	Saksnr: 18/2017
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Utkast til oppdragsavtale mellom kontrollutvalet i Sel og Innlandet Revisjon IKS

OPPDRAGSAVTALE MED INNLANDET REVISJON IKS

Hovudansvaret for revisjonsordninga ligg til kommunestyret. Kontrollutvalet har tilsyn med utføringa av revisjonen og fylgjer opp tenestene. I samband med dette ligg føre oppdragsavtale som formaliserer tenesteytinga. Avtalen fornyast årleg. I hovudtrekk omfattast:

- Økonomi – betaling for tenestene
- Dialog og rapportering kontrollutval – revisjon

Oppdragsansvarleg revisor stiller på møtet for å orientere nærare om dei forskjellige tenestene.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS

Handsaming:

Anne Hesthagen orienterte om avtalen og svara på spørsmål frå utvalet. Utvalet vurderer bestilling av en annen tjeneste for utgreiing under pkt. 3 i oppdragsavtalen.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet utset handsaming av godkjenningssaka av oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS.
- 2) Kontrollutvalet ber sekretær vurdere kostnader og finansiering ved ekstern gjennomgang av ombyggingssak ved Lesja kafe.

Handsaming 6. april 2018:

Dagleg leiar i Innlandet Revisjon IKS orienterte om avtalen. Ekstern gjennomgang av ombygging ved Lesja kafe handsamast i sak nr. 03/18.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 15. desember 2017 6. april 2018	Saksnr: 20/2017
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Sakspapir:
Svarbrev frå Lesja kommune

DOKUMENTASJON – TILKNYTNING OG OMDISPONERING LOKALE

I kontrollutvalsmøte 19. september vart dette protokollført:

SAK NR. 15/2017 OPEN POST

Leiar har fått førespurnad om beregning av tilkoblingsavgift ved endring av driftsform. Sekretær sender spørsmål til rådmannen med førespurnad om rutiner og regelverk på området.

Leiar har også fått førespurnad om ferdigstillingsskostnad av kjellaren på Lesja kafe. Sekretær hentar inn avtaler som er inngått om kostnadsdekning og disponering av lokala.

Førespurnaden vart oversendt Lesja kommune 3. oktober 2017, J.NR. 214/2017. Svarbrev med dokumentasjon vart returnert i J.NR. 264/2017 22. november 2017. Informasjonen inneheld forskrifter og gebyrregulativ om tilkoblingsavgift. M.h.t. lokaldisponering er oversendt leigekontraktar med vedlegg.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet ynskjer nærare utgreiing om saka vedr. ombygging av Lesja kafe. Sekretær drøftar omfanget med Innlandet Revisjon IKS.

Kontrollutvalet ber om at administrasjonen orienterer utvalet om regelverket vedr. tilknytningsavgift ved endring frå primærnæring til kommersiell drift, konkret ved ombyggingssak til Aslak Enstad på gnr. 2. bnr. 9 i rådmannssak nr. 156/17.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretær kalle inn administrasjonssjefen for orientering på neste møte.

Handsaming 6.4.18:

Rådmannen stilte for spørsmål om saken. Utvalsleiar gjorde greie for bakgrunnen for saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



LESJA KOMMUNE - KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 6. april 2018	Saksnr: 01/18
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Saksdokument:

Framlegg til årsmelding 2017

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Saksframstilling:

I følge kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultata av arbeidet til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av disse to måtane.

Kontrollutvalet i Lesja gjev gjennom årsmeldinga ein samla orientering til kommunestyret om verksemda gjennom året.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tar kontrollutvalgets årsmelding for 2017 til orientering.

Handsaming:

Det presiseres at Per Holseth kom inn i utvalet pr. 1. mai 2017.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tar kontrollutvalgets årsmelding for 2017 til etterretning.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 6. april 2018	Saksnr: 02/2018
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Kundebrev frå Innlandet Revisjon IKS
Status forvaltningsrevisjon

ORIENTERING FRÅ INNLANDET REVISJON IKS

Samarbeidet med Innlandet Revisjon IKS kom i stand 1.1.18. Kommunane er i gang med årsavslutning 2017. I samband med dette tilhøvet vil representant frå revisjonen orientere direkte i kontrollutvalet. Hovudpunkta for orienteringa:

- Drift av selskapet Innlandet Revisjon IKS
- Oppdragsavtalen
- Utføring av revisjonstenestene

Handsaming:

Dagleg leiar Bjørg Hagen orienterte om selskapet og verksemda.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 6. april 2018	Saksnr: 03/2018
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Kontrakt mellom Lesjar Regnskap og Rådgivning AS og Lesja kommune
Vurdering av meirverdispørsmål

OPPDRAKSAVTALE OG TILLEGG BUDSJETT

Bakgrunn:

I sak nr. 18/2017 gjorde kontrollutvalet dette vedtaket som pkt. 2:

Kontrollutvalet ber sekretær vurdere kostnader og finansiering ved ekstern gjennomgang av ombyggingssak ved Lesja kafe.

Sekretær SKNG, revisor Anne Hesthagen og dagleg leiar i Innlandet Revisjon IKS hadde 5. januar 2018 ein gjennomgang av tilhøvet, med vurdering og drøfting av moglege problemstillingar, som kan gje grunnlag for ein formell gjennomgang. På bakgrunn av dette gjev Innlandet Revisjon IKS eit anslag til kostnad på gjennomgang med

Kr. 102 000 tilsvarende 100 timar.

I sak nr. 14/2017 vedtok kontrollutvalet budsjett for 2018 med kr. 776 000. Utgift til revisjon inngår i dette med kr. 514 000. I beløpet er berekna kostnader til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Det er ikkje sett av noko til andre bestilte oppdrag. Bakgrunnen for berekninga er historiske tal frå Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon. Revisjonskostnader vart i NGR fordelt dei forskjellige kommunane etter ein fordelingsnøkkel, medan det nå vil bli fakturert etter tidsforbruk.

Vurdering:

I drøftinga har kome fram at kontrakten med ombygging er mellom Lesja kommune og Lesjar Regnskap og Rådgivning AS. Dagleg leiar i Lesjar er nå tilsett som økonomisjef i Lesja kommune, men eig samstundes 20 % av aksjane i Lesjar. I sak nr. 21/2017 ber kontrollutvalet om opplysningar om eigarskapen og habilitetsvurderingar i internkontrollsystemet. Førespurnaden vart send i brev av 21. desember 2017. Administrasjonen svara 6. februar 2018 og er handsama i sak nr. 04/18.

Ei aktuell problemstilling er tilhøvet mellom kontrahendane. Eigarskapsforholda er gjort greie for. Det er ikkje uvanleg eller unaturleg å ha permisjon ved skifte av arbeidsplass, så her meiner sekretær at saka er godt nok opplyst.

Etter kontrakten skal investeringskostander avreknast mot berekna husleige. Lesja kommune er eigar og utleigar. Tilhøvet reiser spørsmål om definering av vedlikehald eller investering av bygg, om det er eit gjeldshøve, samt problematikk andsynes offentlege innkjøp.

Når det gjeld meirverdiavgift, har Lesja kommune fått ein kort oversikt over overtaking av byggetiltak/innreiing av bygg. Denne er utforma av Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon. Etter kontrakten § 3 er innreiinga omtala som ein byggekostnad. Det er presisert at utleiar skal innfri rest ved evt. avslutning av leietilhøvet.

Ein gjennomgang vil omfatte vurderingar etter formelle bestemmelsar, som lov, forskrift og vedtak. Skjønsmessige vurderingar som økonomiske verdivurderingar vil vera vanskeleg å ta stilling til. Som utgangspunkt vil kommunen og Lesja vera sivilrettslege medkontrahendar, som gjev avtalefridom. Utover dette kan ikkje sekretær gjera vurderingar av avtalen.

Da det ikkje er avsett midlar til undersøkingar i opprinneleg budsjettframlegg, vil tilleggsbudsjetteringa utgjere kr. 102 000. Dette gjev ei auke på 13 % av budsjett for kontroll og tilsyn. Kontroll og tilsyn har dei siste åra hatt liten auke i kostnader. Sekretær kan vanskeleg sjå at dette er nokon stor økonomisk belastning for Lesja kommune. Likevel er det eit spørsmål om konsekvensar ved evt. funn i ein undersøking/gransking av saka. Om nytteverdien er så stor at ein skal prioritere gjennomgang. Ein må sjå opp mot andre tenestemråde andsynes vesentlegheit.

Eit anna spørsmål er om klassifisering av ombygginga, om dette skal klassifiserast som gjeldshøve og handsamast deretter. Etter avklaring med Innlandet Revisjon IKS blir vurdering av problemstillinga gjort i ordinær rekneskapsrevisjon. Kontrollutvalet treng derfor ikkje bestille gjennomgang av dette spesielt.

Saksvurderinga er på grunnlag av motteke dokumentasjon. Administrasjonen stiller i møte for å kunne gje ytterlegare opplysningar om bakgrunn og vurderingar i forhandlingane.

Etter ei totalvurdering av kostnad og nytteverdi gjev sekretariatet denne innstillinga:

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsama:

Kontrollutvalet drøfta saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 6. april 2018	Saksnr: 04/2018
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Svar frå rådmann/øk.sjef.

HABILITET

Bakgrunn:

Kontrollutvalet handsama i sak 21/2017 arbeidsavtalen med nytilsett økonomisjef, med fylgjande vedtak:

- 1) *Kontrollutvalet ber sekretær innhente opplysningar om økonomisjefens eigarskap i Lesjar Rekneskap AS.*
- 2) *Kontrollutvalet ber sekretær innhente opplysningar om internkontrollsystemet ang. habilitetsvurderingar.*

Sekretær sende førespurnad om tilhøva. I svar av 6. februar 2018 kjem fram at økonomisjef Øyvind Engen har ein aksjepost på 20 % i Lesjar Rekneskap AS. Han har permisjon frå stillinga i selskapet i eitt år. Om han etter denne perioden fortset i Lesja kommune må han selje aksjeposten.

På spørsmålet om habilitetsvurderingar svarar rådmann at dette vurderast frå sak til sak.

Vurdering:

Etter kommunelova § 23 nr. 2 har rådmannen ansvar for at administrasjonen arbeider etter gjeldande regelverk og at det blir kontrollert. Habilitetsvurderingane fylgjer av forvaltningslova kap. II, §§ 6-10. Reglane har absolutte grenser ved slektskap og stillings/funksjonstilknytning. Det er også skjønnsmessige bestemmelsar ved særegne forhold som kan svekke tillit.

Eigarskapsforholdet er klårt forklart og blir ikkje vurdert utover det.

Som rådmannen skriv, er det mange habilitetsvurderingar i ein liten kommune. Som det kjem fram av lova, vurderast kvar konkrete sak. Det kjem ikkje fram korleis kontrollfunksjonane er oppbygd. Lovverket set ikkje spesifikke krav til utforming av internkontrollsystem.

Administrasjonen har med dette svara på det kontrollutvalet etterspurde.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Rådmannen orienterte om saka. Utvalet drøfta saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning og ser saka som avslutta.